

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 19/5196-1

## **Forhandlingsprosess mellom BKK og Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Saka vert lagt fram utan tilråding

### **Vedlegg:**

### **Andre relevante dokument i saka:**

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

Leiar i kontrollutvalet har kontakta kontrollsjefen for å diskutere ei eventuell kontrollhandling i samband med forhandlingsprosessen om å kjøpe BKK ut av Sogn og Fjordane Energi (SFE).

Det vert vist til fleire medieoppslag den siste tida om ei relativ stor usemje mellom BKK og fylkesutvalet knytt til forhandlingsprosessen om å kjøpe BKK ut av Sogn og Fjordane Energi (SFE).

Utifrå medieoppslaga er det openbart ulike oppfatningar om det har vore reelle forhandlingar mellom partane i saka. BKK hevdar at det har vore reelle materielle forhandlingar, medan fylkesutvalet meiner at forhandlingane reelt ikkje har vore starta opp.

Kven av partane som har rett eller galt i det spørsmålet er i utgangspunktet uinteressant i eit kontroll og tilsynsperspektiv, men det reiser likevel nokre grunnleggjande spørsmål knytt til forhandlingsprosessen.

1. Om BKK har oppfatta at dei var i reelle forhandlingar, medan fylkesutvalet ikkje har vore kjend med det, kven har i så fall gitt BKK inntrykk av at forhandlingane var reelle?
2. Har fylkesrådmannen, innleigde rådgjevarar eller SF Holding vore i reelle forhandlingar med BKK utan at fylkesutvalet har vore kjend med eller blitt orientert om at det gjekk føre seg reelle forhandlingar?
3. Har forhandlingsmandatet frå fylkesutvalet til fylkesrådmannen vore uklart i forhold til kor langt fylkesrådmannen kunne gå i forhandlingane med tanke på kor i prosessen ein var?
4. Korleis har mandatet frå fylkesutvalet vore utforma og avgrensa?
5. Har fylkesrådmannen, innleigde rådgjevarar eller SF Holding halde seg innanfor mandatet frå fylkesutvalet?

6. Har fylkesutvalet eller nokon på fylkeskommunen sine vegne vore involvert i eller påverka ein prosess for at SFE skal kjøpe aksjar i Sunnfjord Energi, og har dette i så tilfelle vore forankra overordna i Fylkestinget?
7. Er det gjennomført nødvendige habilitetsvurderingar i prosessen?

Det er mogeleg at fleire spørsmål og problemstillingar kan dukke opp i samband med desse spørsmåla, men dette vert vurdert som minimum bør avklare før vi eventuelt tek dette opp som ein konkret kontrollsak.

Med tanke på truverdet til fylkeskommunen og tilliten til at prosessen har gått føre seg på ein rett og transparent måte bør kontrollutvalet be fylkesrådmannen om å svare på desse spørsmåla, og be om innsyn i relevante dokument.

Basert på svara og kontrollsjefen si vurdering, kan kontrollutvalet så ta stilling til om ein eventuelt skal gjennomføre ytterlegare prosess, og eventuelt kva det skal innebere. Kontrollutvalet bør gje kontrollsjefen fullmakt til å innhente ekstern kompetanse for å gjennomføre nødvendige vurderingar.